

Kysteventyret hadde beste stand på Reiseklar 2011.

Det var mykje merksemd kring utstillarane frå regionen på reiselivsmessa i Grieghallen siste veka i januar. Ordførarane i dei tre kommunane stilte opp, og reiselivsbedriftene som deltok fekk markert seg skikkeleg for eit stort tal besøkande.



Godt besøkt akselerasjonskonferanse i Liaskjærshallen 9.februar

Lokale reiselivsbedrifter og anna næringsliv var godt representert då regionen drøfta utvikling og suksessfaktorar for opplevingsnæringane. Oppsummering av konferansen er vedlegg til dette nyhetsbrevet.

Bølga har lagt seg...

Bølga etter Finanskrisa dei siste par åra traff Sotra-regionen med mindre kraft enn frykta. Næringslivet her klarte seg bra og det var knapt nokre konkursar. No har vi registrert auka optimisme, og til og med eit stort rekrutteringsbehov innan teknologibransjane. Program for Bølgjekrefter (BKP), som har vore kommunane si satsing for å kompensera negative effektar av finanskrisa er difor stilt i bero. Fleire av tiltaka vert likevel førte vidare. Dette gjeld mindre konjunkturavhengige aktivitetar som t.d. etablarartenesta, FoU-tiltak mot næringsliv, ulike fagseminarar og -konferansar, samt rullerande bedriftskartleggingar som grunnlag for kompetanseheving og robustgjeringar til tiltak – dei siste særleg retta mot SMB-bedriftar i regionen.



Dagleg leiar for Sotra Fiskeindustri, Kjell Inge Eide, viser rundt i den høgteknologiske verksemda



I arbeidet med å bygge opp praksisnær undervisning saman med den marine industrien, følgjer skulen heile verdikjeden frå smolt til produkt, Her frå "kommandobrua" på Sjøtroll sitt anlegg ved Lerøy i Sund. Tony Frode Nygård demonstrerer programvare for styring av førmengd.

Skule og marin næring opprettar undervisningssamarbeid

Sund kommune har ei omfattande verdiskaping innan fiskeri, oppdrett og fiskeforedling. Næringa går no saman med ungdomsskulen i kommunen om eit systematisk program for dei tre klassestega. Elevane skal få innsikt i bedriftene sin verdikjede, materiale til teoriundervisning og yrkesrettleiing.

21. januar var ei gruppe lærarar frå skulen på orientering og omvising hos Sotra Fiskeindustri på Kausland, som ledd i oppbygginga av programmet. Det er Sund kommune, Sotra Marine Industrinettverk og Gode Sirkclar som organiserar satsinga, saman med skulen og bedriftane. Hordaland fylkeskommune støttar tiltaket, som blir implementert i fleire kommunar langs kysten. Det er allereie i gong førebuingar til oppstart i Fjell. Fusa vidaregåande skule og opplæringskontoret i Austevoll er kompetansmiljø i grensesnittet fag, næring og pedagogisk tilrettelegging.